



Jnr. 1010.19
GJG/rr

Ordførarar og rådmenn i Sunnhordland
Ordførar og rådmann i Fusa kommune
Ordførar og rådmann i Haugesund kommune
Ordførar og råmann i Vindafjord kommune

INNKALLING TIL MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND

Det vert med dette kalla inn til møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland

fredag 1. februar kl. 09.30 på Salt Ship Design på Stord (Sunnhordlandskaien 1)

Då vert føre:

- Sak 01/19 Godkjenning av referat frå møte 7 desember 2018
- Sak 02/19 Kommunal museumsstrategi
- Sak 03/19 Interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland og Fusa
- Sak 04/19 Tilleggsuttale til kommundelplan E39 Stord - Os
- Sak 05/19 Sunnhordland Tingrett
- Sak 06/19 Endring av vedtekter for Sunnhordland museum - høyring
- Sak 07/19 Skriv og meldingar
 - a) Møte med stortingspolitikarar frå Hordaland i Oslo
 - b) Geopark Sunnhordland – tilsetjing av prosjektleiar
 - c) Vg. opplæring i Sunnhordland
 - d) Bjørnefjorden kommune som observatør i Samarbeidsrådet
 - e) Berekraftig reisemål
 - f) Reko-ring Sunnhordland
 - g) Driftsorientering

Tidsplan:

- Kl. 09.30 Presentasjon av Salt Ship Design
- Kl. 10.00 Orientering om SIM miljøfond
- Kl. 10.30 Informasjon om Etablerarsenteret og Invest in Bergen v/ Mette Nora Sætre, Vidar Totland og Arthur Arnesen, Hordaland fylkeskommune
- Kl. 11.30 Lunsj
- Kl. 12.00-15 Saker til handsaming

Sunnhordland, 24. januar 2019

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 1 februar 2019 kl. 09.30
Salt Ship Design, Sunnhordlandskaien 1

Sak 02/19
GJG/rr

KOMMUNAL MUSEUMSSTRATEGI

Samarbeidsrådet vedtok i møte 7 september å sende Kommunal museumsstrategi ut på høyring til kommunane. I høyringsrunden vart kommunane beden om å koma med innspel til korleis dei ser føre seg framtidig finansiering. Høyringsfristen vart sett til 30 november.

Følgjande innspel/vedtak er kome i høyringsrunden. På grunn av at fleire av kommunane har lagt saksutgreinga som høyringsuttale har administrasjonen valt å legge ved alle saksutgreiingane.

Bømlo kommune:

1. *Dokumentet «Utkast til museumsstrategi» gir ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere ei eventuell opptrapping av bidraget til Sunnhordland museum.*
2. *Kommunestyret ber ordførar/rådmann om å halde fram dialogen med dei andre kommunane i Sunnhordland for å avklara kva som er rett nivå på kommunane sitt samla bidrag og korleis byrde fordelinga skal vere.*
3. *Kommunestyret ber rådmannen vurdere om det kan vere hensiktsmessig med meir forpliktande samarbeid mellom Sunnhordland museum og Bømlo kommune. Det må i denne samanheng gjerast ein gjennomgang av kommunen sine museumslokalsjonar.*

Tysnes kommune:

Tysnes kommune står i hovudsak tiltaka til ein felles museumsstrategi for Sunnhordland. Kommunen ønskjer å inngå ein formell samarbeidsavtale med musèet. Gjennom ein formell avtale må det verte nærare avklara kva tilbod kommunen får innan dei ulike avdelingane/tenestene på musèet.

Vi vil rå til at Tysnes kommune sitt bidrag bør kunne aukast totalt frå kr. 13 617 inntil kr. 60 000 pr. år. Det bør avklarast nærare kor stor del av tilskotet som skal gå til museumsrådgjevar og til fast generelt tilskot. Ein samarbeidsavtale vil tydeliggjere korleis fordelinga best bør gjerast.

Tysnes kommune føreset at alle kommunar i regionen aukar sitt bidrag tilsvarande.

Stord kommune:

Stord kommune sluttar seg til forslaget til kommunal museumsstrategi med følgjande tillegg:

- *Det må gå tydeleg fram av strategien korleis Sunnhordland museum skal forhalde seg til kommunale og private museale samlingar.*

- *Det må foretakast gjennomgang av vedtekter og organisasjon herunder styresamansetning og rekruttering.*
- *Forholdet til Stord maritime museum må avklarast. Både Stord kommune og Sunnhordland museum er med i stiftinga Stord maritime museum. Korleis vil og skal Stord kommune og Sunnhordland museum forhalde seg til Stord maritime museum i framtida?*

Fitjar kommune:

Formannskapet tek høyringsutkastet til kommunal museumsstrategi til vitande og sender saksframlegget som Fitjar kommune sin høyringsuttale til saka, med endring lagt føre i møtet.

Etne kommune:

- *Etne Kommune ynskjer ein formell samarbeidsavtale med Sunnhordland Museum.*
- *Høyringsdokumentet om museumsstrategi for kommunane i Sunnhordland gir ikkje godt nok grunnlag til å ta stilling til ein mogeleg auke/opprapping av tilskotet til Sunnhordland Museum.*
- *Formannskapet ber rådmann og ordførar halda fram dialogen om saka for å få naudsynte avklaringar som kjem fram i saksutgreiinga.*
- *Saksutgreiinga er høyringsuttalen til Etne Kommune i saka.*

Sveio kommune:

Sveio kommune ønskjer å inngå ein samarbeidsavtale med Sunnhordland museum, med utgangspunkt i ein felles museumsstrategi for Sunnhordland. Føringar for museumsstrategi frå Sveio kommune følgjer av vurderinga i saksframlegget.

Kvinnherad kommune:

1. *Kvinnherad kommune er svært positiv til initiativet om å få til ein sams museumspolitik for kommunane i Sunnhordland. Sunnhordland museum er det regionale ansvarsmuseet som skal yta tenester innan museumsfeltet til innbyggjarane i Sunnhordland og ein sams politikk på korleis kommunane saman skal stø dette arbeidet vert ynskt velkommen.*
2. *Kvinnherad kommune stør dei føreslegne strategiane.*
3. *Kvinnherad kommune er positiv til opptrapping av økonomiske bidrag til Sunnhordland museum føresett at dette gir ei lette i kommunal drift av verneverdige bygningar, lokale museum og samlingar.*
4. *Kvinnherad kommune oppmodar Sunnhordland Museum om å sjå på inntekspotensialet i eiga drift for å eventuelt avgrensa kommunane sitt bidrag.*
5. *Kvinnherad kommunestyre vil slå fast at vertskommunen Stord må følgja opp med utbetalingar av attendehaldne tilskot til Sunnhordland museum – og vidare følgja opp med sin del av opptrappingsplanen.*

Vurdering

7 av kommunane har gjeve innspel til Utkast til Museumsstrategi for kommunane. Austevoll kommune har valt å ikkje gje uttale.

Strategidokumentet

Eit fellestrekk i svara og nokre av saksutgreiingane er at det kan vera vanskeleg å skilja mellom oppgåver som naturleg bør vera ei oppfølging av Sunnhordland museum sin eigen strategi, og kva som skal vera Kommunal Museumsstrategi. Det vert og stilt spørsmål til om det er behov for ein eigen kommunal museumsstrategi.

Ut i frå høyringssvara ser administrasjonen at det må koma tydlegare fram at det er kommunane sin strategi, ikkje museet sin.

Det kjem og ein del innspel som går på den einskilde kommune. Administrasjonen meiner at desse innspela må verta ein del av drøftingane mellom den einskilde kommune og museet.

Administrasjonen meiner at vegen vidare no må vera ein dialog mellom kvar kommune og museet, noko som og er forankra i strategien:

11.1 Kommunal museumspolitik

Forankring i eigarkommunane

Tiltak:

- inngå samarbeidsavtale med den einskilde kommune
- avhalda årlege samarbeidsmøte med den einskilde kommune

Ansvar for å følgja opp ligg til Sunnhordland museum

Samarbeidsrådet søkte om midlar frå Museumsloftet 2018 til utarbeiding av Kommunal Museumsstrategi. Det er løyvd kr. 40 000, til dette arbeidet og i tilsagnet står blant anna:

Fylkesrådmannen vurderer at det er viktig å få på plass eit godt samarbeid mellom kommunane og Sunnhordland Museum, få avklart og synleggjort kva dei ulike partane bidrar med til kvarandre. Det er viktig at ein i strategiarbeidet legg til grunn gode medverknadsprosessar, særleg mellom Sunnhordland Museum, kommunane og det frivillige samfunnslivet. Tiltaket bør sjåast i samanheng med kommunal planstrategi, kultur -og kulturminneplanarbeidet i kommunane. Strategi og tiltak må forankrast i kommunale handlingsplanar og i museet sine egne planar. Tiltaket har overføringsverdi til dei andre regionane i fylket. Ny kulturmelding og KS si satsing på kulturfeltet er relevant i dette arbeidet. Arbeidet er ei oppfølging av politisk vedtak gjort i FUV 03.05.2018:PS 105/2018.

Dette arbeidet vert og ein del av samhandlinga mellom museet og kommunane.

Økonomi

Då Samarbeidsrådet vedtok å senda strategien ut på høyring var punkt 2 i vedtaket : *Kommunane blir særleg bedt om å gje innspel til korleis dei ser føre seg framtidig finansiering av Sunnhordland museum.*

Her har kommunane ei ulik tilnærming, frå at det vert innstilt på konkret sum, til at utkast til museumsstrategi ikkje gjer tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere ei eventuell opptrapping av bidraget til Sunnhordland museum.

Andre har teke utgangspunkt i tabell i framlegg til opptrapping frå tidlegare leiar i ved museet, eller sagt lite eller ingenting om økonomi.

Opptappingsplan

Bakgrunn for heile arbeidet med kommunal museumsstrategi var museet sit behov for meir driftsmidlar og deira framlegg til opptappingsplan. Administrasjonen meiner at Fitjar kommune sin refleksjonar om økonomi kan vera eit godt innspel til vegen vidare. Administrasjonen legg dette til grunn for framlegg til vedtak.

Fitjar kommune sine kommentarar til mogleg finansieringsmodell:

- *Fitjar kommune vil ikkje ta stilling til kronebeløpet pr. innbyggjar før ein kjenner innhaldet av aktivitetar som følg grunnløyvinga.*
- *Ein må få fram at det må vera samanheng mellom fast tilskot/ grunnfinansiering og oppgåver som alle kommunane får. Kva denne «pakka» skal innehalda må utviklast gjennom denne museumsstrategien.*
- *Ein bør i museumsstrategien verta samde om ei grunnfinansiering og evaluere aktivitet og ressursar etter ein periode. Dette må skje før ein lagar ein opptappingsplan for tilskota.*
- *Stord kommune som er heimkommune for SM bør stå for den største eigendelen av finansieringa, og betale eit vesentleg høgare tilskot pr. innbyggjar enn dei andre kommunane.*
- *Evt samarbeidsavtalar som kommunane og SM har i dag, bør reforhandlast etter at museumsstrategien er vedteke.*

Framlegg til vedtak:

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek innspela til Kommunal Museumsstrategi med seg i det vidare arbeidet for å få på plass eit godt samarbeid mellom kommunane og Sunnhordland Museum.
2. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil arbeida for at kommunane vert samde om ei fast tilskot/grunnfinansiering og evaluera aktivitet og ressursar etter tre år.
3. Sunnhordland museum vert oppmoda om å gjennomføra møta med kommunane i midten av april.
4. Samarbeidsrådet for Sunnhordland legg opp til å vedta Kommunal Museumsstrategi i sitt møte 10.mai.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 1 februar 2019 kl. 09.30
Salt Ship Design, Sunnhordlandskaien 1

Sak 03/19
GJG/rr

INTERKOMMUNAL STRANDSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND OG FUSA

I møte 30. oktober vart det sett ned ei gruppe som skulle ha ein gjennomgang av framlegg til Interkommunal Strandsoneplan for Sunnhordland og Fusa.

Gruppa består av rådmann Magnus Mjør, Stord kommune, rådmann Torstein Aarhun, Kvinnherad kommune og rådmann Steinar Dalland, Tysnes kommune.

Arbeidsgruppa legg med dette fram følgende:

Innleiande avklaringar:

Eit spørsmål som frå tid til anna har vore opp i samband med handsaming av Strandsoneplanen er kva er eigentleg ein interkommunal plan og kva verknader har ein slik plan. Plan og bygningslova har ikkje reglar for interkommunale planar, men for interkommunalt planarbeid. Eit interkommunalt plansamarbeid er omtala i pbl. Kap 9.

Etter nærmare vilkår kan regionale mynde oppmoda om at det vert sett i gang ein interkommunal planprosess, tilsvarande kan staten under særskilte vilkår påleggja kommunane eit interkommunalt plansamarbeid. Desse reglane er igjen knytt til at ein del problemstillingar berre kan løysast om ein ser over kommunegrensene, slik problemstillingar vil gjerne ha ei relativt klar romleg avgrensing. Den interkommunale prosessen knytt til å utforska rom for ein del felles føringar for strandsona vart initiert av kommunane sjølve, det er såleis opp til kommunane sjølve å vurdera om planen som er arbeidd fram til no skal leggjast fram til kommunane for planvedtak eller ikkje.

Det er inga tvil om at eit eventuelt planvedtak skal gjerast av det einskilde kommunestyre, jf. pbl. § 9-3. Spørsmålet for Samarbeidsrådet er om rådet skal leggja fram framlegg om at kommunane gjer vedtak om ein felles strandsoneplan, eller om rådet no vurderer at arbeidet bør ha ein anna utgang.

Alle krav knytt til planprosess, innhald og rettsverknader vert som for kommunedelplan og er regulert i pbl. Kap 11. Samarbeidsrådet kan såleis ikkje gjennom sitt arbeid gjera vedtak som bind kommunane.

I planen er det lagt fram eit framlegg til juridisk bindande føresegner, desse føresegnene kan ikkje vurderast på anna måte enn at det er eit framlegg som kommunane kan velja og slutta seg til heilt

eller delvis. Føresegnene gjev ingen bindingar for kommunen før kommunen eventuelt implementerer desse som del av sitt eige planverk. Det kan også vera ein del prinsipielle utfordringar med å gjera framlegg til føresegner utan at dei igjen er kartfesta og vurdert ut frå stadlege tilhøve og med medverknad frå lokale interessentar. Konklusjonen er at det vil vera eit brot med dei medverknadsprinsippa som ligg til grunn i plan og bygningslova om kommunestyra hadde gjort vedtak om slike «preaksepterte» føresegner.

Den interkommunale strandsoneplanen har heller ikkje noko kartfesting av kva område som vert styrt av ulike føresegner, det kan såleis ikkje vera snakk om ein plan som tilfredsstillar krava til kommuneplan etter pbl. § 11-5,2. ledd. Realiteten er at den interkommunale planprosessen har munna ut i ein samla dokumentasjon som kan utgjera eit kunnskapsgrunnlag for vidare kommunal planlegging. Dette inneber at kommunane som har delteke i arbeidet kan nytta seg av dette, eller velje å la vera om dei ønskjer å leggja andre vurderingar til grunn for si planlegging.

Mål for arbeidet

I prosjektet har det vore eit mål om at den interkommunale planprosessen skulle kuliminera i ein interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland og Fusa, der fellesdelen vart utarbeidd gjennom den interkommunale prosessen. Fellesdelen skulle så utgjera ei overbygning for kommunedelplanar i dei einskilde kommunane.

Det som er interessant i dette prosjektet, men som også har gjort prosjektet mest umogleg å gjennomføre er at det her ikkje har vore ein ambisjon om ein samordna plangrepa i eit mindre område der avhenge mellom kommunane er særskilt stor, men i realiteten heile strandsonen i alle kommunane. Uavhengig av om kommunane har tette avhengigheiter eller ikkje. Eit slikt prosjekt er svært vanskeleg å organisera gjennom ein interkommunal planprosess då det utfordrarar sjøve kjernen i kommunane sitt mynde til styring innanfor sine arealgrenser.

Ei viktig målsetjing for arbeidet er i planen formulert slik:

Utarbeida ein interkommunal plan (kommunedelplan) som gjev kommunane lokalt handlingsrom til å gjennomføra ei differensiert og tilpassa planlegging, forvaltning og utbygging av strandsona. Og samstundes arbeida for at kommunane i planområdet vert plassert i hovudområde 3, område med mindre arealpress.

Planen trekk opp tre viktige metodiske tilnærmingar som vil ha nytt i vidare arbeid i den einskilde kommune:

1. Funksjonell strandsonekartlegging.
2. Område kategorisering
3. Framlegg til felles føresegner.

Sett opp mot intensjonen om at kommunane i planområde høyrer heime i hovudområde 3, område med mindre arealpress er det særskilt dei to førstnemnde verkemidla som er relevant. Gjennom det kunnskapsgrunnlaget som er utarbeidd i fellesdelen knytt til funksjonell strandsonekartlegging og vidare knytt til moglege område kategorisering kan det neppe vera tvil om at kommunane her naturleg kan plasserast i hovudområde 3 for differensiert strandsoneforvaltning.

Fellesdelen vil ikkje kunne gje konkrete bindingar for kommunane i planområde, men utgjer eit felles kunnskapsgrunnlag som over tid vil kunne gje grunn for ei meir sams forvaltning av strandsona i regionen.

Etablering av eit sett med felles føresegner har vist seg svært vanskeleg både for kommunane og for Fylkesmannen. Dette er for så vidt greitt og viser vel at den opphavlege ambisjonen om å etablere ein felles kommunedelplan for strandsona i Sunnhordland og Fusa var for ambisiøst. Det vil heller ikkje vera mogleg å vedta føresegner utan at dei har ei konkret vurdering av stadbundne kvalitetar gjennom å kartfesta dei. Gjennom arbeidet med føresegnene har det likevel kome opp viktige prinsipielle drøftingar og trass i at det ikkje er mogleg å koma fram til felles føresegner kan dette arbeidet, og prosessane som ligg bak også utgjera eit kunnskapsgrunnlag som har ein verdi i kommunane sitt vidare arbeid.

Konklusjon og tilråding til slutthandsaming:

Arbeidet med interkommunal strandsonerplan for Sunnhordland og Fusa har vore eit viktig arbeid for å utvikla eit betre kunnskapsgrunnlag og metodikk som over tid kan overførast i heile planområde. Gjennom dei analysane som er gjort i prosjektet og dei metodiske grepa det vert lagt opp til bør område også i fortsetjinga liggja under kategori 3 med omsyn til differensiert forvaltning av strandsona.

Det er ikkje grunnlag for å fremja eit sett av felles føresegner, då det ligg i soneplanleggjinga sin natur at juridiske bindingar for arealbruk må gjerast ut frå god kunnskap opp stadbundne kvalitetar og at den einskilde føresegn og arealsone også må vurderast opp mot ulike lokale interessentar. Område som er teke opp i denne planen gjer ikkje ei slik tilnærming mogleg med dei ressursar som kan stillast til rådvelde i eit slikt prosjekt.

Det arbeidet som er gjort med sikte på å koma fram til eit framlegg for felles føresegner har likevel hatt ein verdi då prosessen har medverka til å avklara ulike partar sine generelle syn på strandsoneforvaltninga.

Framlegg til vedtak:

1. Samarbeidsrådet avsluttar vidare arbeid med ein interkommunal planprosess for Sunnhordland.
2. Samarbeidsrådet tek inn over seg at målet om ein interkommunal plan som spennes så vidt neppe er mogleg å etablere gjennom ein slik planprosess.
3. Samarbeidsrådet er tilfreds med at det gjennom prosjektet er utvikla viktig kunnskap og stiller kunnskapsgrunnlaget til rådvelde for dei deltakande kommunane. Fellesdelen og arbeidet med felles føresegner vil ikkje gje noko bindingar for kommunane, men vil truleg over tid medverka til ein meir sams forvaltning av strandsona i Sunnhordland og Fusa.
4. Dei metodiske tilnærmingane og analysane som er gjort i området gjev støtte for at dei aktuelle kommunane også i fortsetjing ligg i kategori 3 med omsyn til statlege retningsliner for differensiert strandsoneforvaltning.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 1 februar 2019 kl. 09.30

Salt Ship Design, Sunnhordlandskaien 1

Sak 05/19

GJG/rr

Tilleggsuttale til kommunedelplan E39 Stord - Os

Då Samarbeidsrådet hadde kommunedelplan med konsekvensutgreiing E39 Stord-Os på høyring i januar 2017 gjorde rådet følgjande vedtak :

- 1. Ferjefri kyststamveg E39 vil bety svært mykje for utviklinga av næringsliv og busetnad på Vestlandet, og er eit svært viktig nasjonalt prosjekt. Fastsambandet Hordfast må difor på plass snarast råd, og må prioriterast med midlar i NTP planperioden 2018-2023, parallelt med Rogfast.*
- 2. Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at realisering av ferjefri kyststamveg er viktigare enn val av kryssing over Langenuen. Samarbeidsrådet ser likevel at det er svært små skilnader mellom alternativ B (midtre) og alternativ F (sørlege) i høve til pris og ikkje prissette konsekvensar.*
- 3. Det er uheldig at planen i liten grad syner konsekvens og moglegheiter for dei kommunane som ligg utanom planområdet. Det er synt at ei tilkopling til Austevoll, i første rekkje eit avkorta ferjesamband, vil auka samfunnsnyttan monaleg. Departementet bør etter vår meining og regulera inn tilkomstveg/punkt for trafikk frå Kvinnherad i form av nytt ferjeleie nærast mogleg E39.*
- 4. Samarbeidsrådet for Sunnhordland er uroa over at tilrådinga frå Statens vegvesen kan tolkast som om at utbygging av strekninga Heiane-Ådland/ Nordre Tveita skal inngå i siste utbyggingsetappe Ådland-Mehammer. Samarbeidsrådet meiner det må utarbeidast reguleringsplan for strekninga Heiane-Ådland/Nordre Tveita så snart Kommunal- og moderniseringsdepartementet har handsama kommunedelplanen, med sikte på tidlegast mogeleg anleggsstart.*
- 5. Samarbeidsrådet føreset at det vert lagt til grunn ein sams standard for den nye E39 og at denne skal leggjast til grunn for alle delløysingane av traseen.*
- 6. Kommunedelplanen er gjennomført som statleg regulering. Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner staten òg bør stå for detaljregulering av prosjektet, men ber om at det i så stor grad som mogleg vert teke omsyn til lokale partar som blir berørt av prosjektet.*

Statens vegvesen sitt arbeid med kommunedelplan på E39 mellom Stord og Os er snart ferdig. 1. februar skal Statens vegvesen vere klar med sitt beslutningsgrunnlag til kommunedelplanen, og

sende det vidare til politisk handsaming i Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Det er i overkant av 2 år sidan kommunedelplanen var ute på høyring, og på den tida er det komen nye moment inn i saka som gjer at Samarbeidsrådet ynskjer å koma med ein uttale til den politiske handsaminga i departementet.

Framlegg til tilleggsuttale:

1. Ferjefri kyststamveg E39 Stord – Os vil bety svært mykje for utviklinga av næringsliv og busetnad på Vestlandet, og er eit svært viktig nasjonalt prosjekt. Fastsambandet Hordfast må difor på plass snarast råd. Samarbeidsrådet for Sunnhordland er glad for at arbeidet med kommunedelplan på prosjektet snart er klar, og at ein skal inn i neste fase med detaljregulering. Me ser det som avgjerande at ein kjem vidare i planleggingsfasen for at dette viktige prosjektet skal realiserast innan rimeleg tid. I tillegg er det viktig at kommunane i regionen endeleg skal få éin trasé å forholde seg til, i deira planlegging i kommunane.
2. Samarbeidsrådet for Sunnhordland ser at det er svært små skilnader mellom alternativ B og alternativ F i høve til pris og ikkje prissette konsekvensar. For Samarbeidsrådet er det likevel viktig å peika på at alternativ F, med sørleg kryssing av Langenuen, gjev dei beste lokale og regionale effektane. Samarbeidsrådet vil visa til rapporten «Trafikk og trafikantnytte med ferjefritt samband til Kvinnherad», som er utarbeida av Norconsult for Sunnhordlandsambandet AS, basert på Statens Vegvesen sine modellar for utrekning av trafikantnytte. I tillegg vil me visa til arbeidet som er starta av Kvinnherad, Stord og Tysnes for å utgreia eit fast samband mellom Kvinnherad og E39 i Tysnes (Sunnfast). For å få størst effekt av prosjektet E39, ynskjer Samarbeidsrådet for Sunnhordland at kommunal- og moderniseringsdepartementet vedtar å gå vidare med alternativ F som trase på E39 Stord – Os.
3. Kommunedelplanen er gjennomført som statleg regulering. Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner staten òg bør stå for detaljregulering av prosjektet, men ber om at det i så stor grad som mogleg vert teke omsyn til lokale partar som blir berørt av prosjektet.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland vedtek uttalen slik den føre.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 1 februar 2019 kl. 09.30
Salt Ship Design, Sunnhordlandskaien 1

Sak 05/19
GJG/rr

Sunnhordland tingrett

Arbeidsgruppa som har arbeid med framtidig organisering av Sunnhordland tingrett har sidan sist møte i Samarbeidsrådet vore i møte med Hardangerrådet der framtidig organisering av tingrettane var tema.

Arbeidsgruppa har tidlegare vore i møte med representantar frå Domstoladministrasjonen. I dette møte kom det tydelege innspel på at Samarbeidsrådet bør sjå på alternative løysingar for å kunna sikra tingretten i Sunnhordland. Det er kutyme at det no skal vurderast ei felles leiing kvar gong ein domstolleiar går av, slik det no vert ved Sunnhordland Tingrett. Det kom og tydeleg fram at det vil koma ei endring mot færre tingrettar.

Samarbeidsrådet har tidlegare gjort vedtak om at rådet skal arbeida for ei samanslåing av Haugaland og Sunnhordland jordskifterett og Sunnhordland tingrett. Samarbeidsrådet må no gjera ei vurdering på om rådet bør endra strategi.

Bakgrunn for dette er eit initiativ frå Hardangerrådet.

Hardangerrådet har hatt eit møte med Domstolkommisjonen. Ut i frå drøftingar i dette møte kan det sjå ut som ei samanslåing av Hardanger tingrett på Lofthus og Sunnhordland tingrett. Ei slik samanslåing vil gje hovudadministrasjon på Stord, og lokalkontor på Lofthus. Både Domstol administrasjonen og Domstol kommisjonen seier at dei vil lytta til lokale initiativ, og dette kan vera ei god løysing, og

Hardangerrådet har fått lokale advokatar i tingretten til å samla seg om ein uttale. I Sunnhordland ser sorenskrivaren dette som ei framtidig løysing, og er i dialog med dei tilsette om dette alternativet.

Hardangerrådet skal gjera vedtak om denne løysinga i byrjinga av februar, og dersom Samarbeidsrådet også gjer eit positivt vedtak, er det lagt opp til at det vert laga eit felles dokument med argumentasjon for denne løysinga. Det skal og utarbeidast ein enkel strategi for korleis ein tek saka vidare fram mot politisk vedtak i Stortinget.

Framlegg til vedtak

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner ei samanslåing av Hardanger tingrett og Sunnhordland tingrett kan vera ei framtidsretta løysing.
2. Samarbeidsrådet for Sunnhordland vil saman med Hardangerrådet arbeida for at ein ved ei eventuell samanslåing av tingrettane legg hovudadministrasjon på Stord og lokalkontoret på Lofthus.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 1 februar 2019 kl. 09.30
Salt Ship Design, Sunnhordlandskaien 1

Sak 06/19
GJG/rr

ENDRING AV VEDTEKTER FOR SUNNHORDLAND MUSEUM – HØYRING

Sunnhordland museum har sendt framlegg til nye vedtekter på høyring. Høyringsfristen er sett til 18 februar.

I brevet skriv museet at det er behov for å oppdatere og fornye fleire paragrafar i vedtektene til stiftinga Sunnhordland museum. Dette fordi fleire er utdaterte og ikkje i samsvar med verken dagens museumsdrift eller museumspolitik. Det er styret ved Sunnhordland museum som ønskjer ei endring av vedtektene.

Prosess for endring av vedtekter:

I følge §47 i stiftelseslova skal vedtektsendringar så langt råd er, tilpassast det føremålet som ein reknar med ligg til grunn for bestemmelsen som skal endrast. Endringa skal difor ikkje gå lenger en det som er nødvendig.

Om det ikkje er opprettarane sjølv som har søkt om vedtektsendring, skal det hentast inn uttale frå opprettarar (etter § 49 i stiftelseslova). Det er tilstrekkeleg at styret legg fram dokumentasjon på at opprettarar har fått høve til, innan ein gitt frist, å gi uttale. Dersom det ikkje er råd å henta inn uttale frå opprettar, skal stiftelsen forklara kvifor. Stiftinga Sunnhordland museum har to opprettarar som kan få uttala seg: Sunnhordland folkemuseum og sogelag (nedlagt 2012) og Stiftinga Stord maritime museum. I tillegg har styret avgjort å senda høyringsbrev med forslag til nye vedtekter til Hordaland fylkeskommune, sunnhordlandskommunane og Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Vedlagt ligg dagens vedtekter og forslag til nye vedtekter.

Vurdering:

Vedtektene for Sunnhordland Museum er frå 2004, og er ikkje i samsvar med noverande organisering og drift. Det er fleire år sidan Rådet vart lagt ned og organisering av museet vart lagt opp slik framlegg til nye vedtekter legg opp til. Det er difor på høg tid at desse vert endra.

Det har vore uklårt for mange kven som eig museet. I stiftingsprotokollen frå 2004 står det at stiftarane den gong var Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag og Stiftinga Stord Maritime Museum. I framlegg til nye vedtekter står det ikkje kven som er stiftarar. Det burde kanskje kome fram i dei nye vedtektene.

I framlegg til nye vedtekter er det lagt opp til at Samarbeidsrådet skal velgja to representantar med varamedlemmer til styret. Går Samarbeidsrådet inn for dette må det takast ei drøfting på om dette skal vera tilsette, politikarar eller andre rådet vel til å vera med i styret.

Framlegg til uttale:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har hatt forslag til nye vedtekter for Stiftinga Sunnhordland museum på høyring og ønskjer å gje følgjande uttale:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner det er heilt rett at vedtektene til Sunnhordland Museum no vert endra og tilpassa den organiseringa museet no vert organisert og driven etter.

Det har vore uklårt for mange kven som eig museet. I stiftingsprotokollen frå 2004 står det at stiftarane den gong var Sunnhordland Folkemuseum og Sogelag og Stiftinga Stord Maritime Museum. I framlegg til nye vedtekter står det ikkje kven som er stiftarar. Det burde kanskje kome fram i dei nye vedtektene.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er positive til at rådet oppnemner to medlemer med personlege varamedlemer til styret.

Framlegg til vedtak

Samarbeidsrådet for Sunnhordland godkjenner uttalen slik den ligg føre

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 1 februar 2019 kl. 09.30

Salt Ship Design, Sunnhordlandskaien 1

Sak 07/19

GJG/rr

SKRIV OG MELDINGAR

a) Møte med stortingspolitikarar frå Hordaland i Oslo

Hordalandsbenken på Stortinget har invitert regionråda i Hordaland til dialogmøte på Stortinget tysdag 26.mars kl. 16.00 – 19.00.

Dette inneber at Samarbeidsrådet sitt planlagde møte i Oslo 14 og 15 går ut, men at det vert ordinært møte i Samarbeidsrådet 15. mars i Sveio.

Arbeidsutvalet drøfta i sitt møte korleis rådet kan nytta denne dagen best, og føreslår at det vert arbeid for å få til møter i departementa tysdag føremiddag.

Innspel til saker :

Justisdepartementet: Fengsel og tingrett

Klima og miljø: Marin verneplan

Samferdsle: Fiskerihamn, ferjeavløysingsmidlar – forskottering, flyplass, E39 Heiane -Ådland, E134 Bakka-Solheim.

Nye Vegar: Selskapet har ikkje prosjekt i Hordaland, korleis får me det til ?

Kultur og Undervisningsdepartementa : Museum og Folkehøgskule på Stord

I møte vert delt lagt opp til ei drøfting på kva som er viktig å ta opp med Hordaland benken.

b) Geopark Sunnhordland – tilsetjing av prosjektleiar

For å utvikla innhaldet i Geopark Sunnhordland er det behov for ein prosjektleiar som er dedikert til dette arbeidet. Midlar til prosjektleiar er og ein del av midlane frå Hordaland fylkeskommune. Det vert difor i desse dagar lyst ut etter ein prosjektleiar i ei 50% stilling over to år. Det er lagt opp til at kontorstad vert i Moster Amfi, som skal utviklast til å verta hovudportal for geopark Sunnhordland. Prosjektleiar skal jobba tett med VisitSunnhordland og for å få til utvikling på geositane i kommunane.

c) Vg. opplæring i Sunnhordland

Dialogmøte med dei vg skulane som var planlagt 22 januar vart utsett. Ny dato er sett til 19. mars. Tema som skal drøftast på møte er dagens linjeval og framtidige behov. I tillegg vil ein få presentert skulepiloten som er utarbeidd på Bømlo.

d) Bjørnefjorden kommune som observatør i Samarbeidsrådet

I Strategiplanen for Samarbeidsrådet 2018-2022 er eit av innsatsområda auka samhandling med naboregionar. Dette vart teken opp i arbeidsutvalet, som ønskjer at Samarbeidsrådet invitere Os og seinare Bjørnefjorden kommune inn som observatør i Samarbeidsrådet.

Administrasjonen vart beden om å senda ein invitasjon til Os.

e) Berekraftig reisemål

Administrasjonen har hatt første møte med prosessleiar for å ha ein gjennomgang av kva som må gjerast for å få status som berekraftig reisemål.

Dette vert eit omfattande arbeid, men veldig viktig å få til.

I byrjinga av mars vil prosessleiar ha ein gjennomgang med kommunar og bedrifter.

Det er allereie ein trend at ein del turoperatørar vel vekk destinasjonar som ikkje har merket for berekraftig reisemål eller har starta dette arbeidet. Difor er visitSunnhordland no kvalifisert til å nytta eit merke som syner at arbeidet er starta. Dette vert difor nytta på materiellet som skal nyttast på NTW i april, det nasjonale treffet for turoperatørar.

f) Reko-ring

Reko-ring er ein ny form for distribusjonskanal, som skal gjera det enkelt og effektivt for produsentar å selga varer lokalt, direkte til kunden.

Med Rekoringer vert lokalmat lettare tilgjengleg for kundar, og fungerer som ein kontaktplattform mellom produsentar/ mathandverkarar og forbrukarar i nærområdet.

Kundar bestiller varer direkte hjå produsentar via Facebook og hentar dei på fast stad, til fast tid.

Reko-ring Sunnhordland vart etablert måndag 21.01. Då møttest 25 produsentar for å planlegga og organisera ringen. Dei produserer eit mangfald av matvarer som no vert tilgjengelege gjennom denne måten å organisera sal på.

g) Driftsorientering

Administrasjonen vil i møte gje ei kort driftsorientering.